



# Haugaland brann og redning iks

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Styre 24/006	Dato:	29.02.2024

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 29.02.2024 tilråding  
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks 19.04.2023 vedtak

### Kurs- og kompetansesenter

#### HANDSAMING:

##### Tilråding frå brannsjef

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek å starte opp eit kurs- og kompetansesenter med utgangspunkt rapport av 20.02.2024 med følgjande føringar:
  - a. Det vert etablert eit organisatorisk kurs- og kompetansesenter ved ny hovudbrannstasjon.
  - b. Det vert tilsett ein heil stilling for å bygge opp og koordinere avdelinga.
  - c. Det vert tilført kr 500 000 i oppstartsmidlar for å etablere instruktørpool, kjøpe inn materiell m.m.
  - d. Ut frå forslag til satsingsområde vert det etablert avtalar med samarbeidsaktørar.
  - e. Det skal parallelt med etableringa utviklast rutinar som sikrar habilitet, fråvær av kryss-subsidiering, ivaretaking av lovpålagte vs sal av tenester m.m.

#### Sakshandsaming i styret 29.02.2024

#### Vedtak i styret

#### SAKSOPPLYSNINGAR/VURDERINGAR:

Det er i representantskapets budsjettvedtak 10.11.2023 bedt styret om å iverksette aktivitetar for å auke inntektssida for selskapet. Dette er også i samsvar med intensjonen ved etableringa av selskapet, jf. punkt 14 i rapport av 2.10.2015.

Det er 3 ulike intensjonar bak etableringa av ein kurs- og kompetanseavdeling;

1. felles intensjon: gjennom tilrådingar i rapporten selskapet bygger på, der intensjonen var å levere internkompetanse i selskapet.
2. eigarinitiert intensjon; redusere eigarkostnader ved å selje tenester for å halde eigandelen så låg som mogleg.
3. selskapsintensjon; etablering for å bygge eit større fagmiljø og samtidig kunne levere eit større volum av kurs enn det som er tilfelle ved eksterne kjøp av same kurs.

Desse tre intensjonane bryt ikkje med kvarandre og må sjåast i samanheng.

Ei usikkerheitsfaktor er kva for forventningar eigarane har til tiltaket der det vil være avgrensa økonomisk effekt av å satse på eit kurs- og kompetansesenter. Den største økonomiske gevinsten ligg i dei tiltaka som vi allereie har etablert ordningar for:

**Redusert kostnad ved å levere lovpålagt kompetanse gjennom ressursar i eigen organisasjon.**

Innsparinga for selskapet er dokumentert som særdeles stor og er eit av hovudformåla med å etablere selskapet. Når vi samtidig får auka kompetanse i heile organisasjonen, er dette òg ein stor fagleg gevinst.

Det som likevel er hensikta med denne analysen, er å sjå korleis vi kan få ein innsparingseffekt av å levere kompetanse. For å få eit resultat må det tilførast noko i motsett ende av «kompetansemaskinen», og spørsmålet i så tilfelle er kva modell ein skal etablere ein kurs- og kompetansesenter etter. Dei to ytterpunktene er:

1. tilføre midlar for å gjere ein satsing.
2. bygge Stein på Stein i takt med økonomisk og fagleg kapasitet.

Signalat tilseier at det er modell 2 som er realistisk og som vi for så vidt er godt i gang med allereie. Det må gjerast ein forventningsavklaring med eigarane som har gitt mandatet og avklare kva dei ønsker for vegen vidare.

Det er eit potensiale for å ha ein kurs- og kompetanseavdeling som jobbar for å skape aktivitet og som har ein viss inntening, men at selskapet skal løysa alle sine økonomiske behov gjennom sal av tenester er ikkje realistisk. I så tilfelle ville vi sett denne forma for kommersialisering i mange brannvesen, men noko som ikkje er tilfelle i dag.

Ein føresetnad for å lukkast er å ha ein tenesteleveranse som ikkje er kryss-subsidiert, sidan det innan dei fleste områda som er peika på, finnes aktørar i markedet som leverer tenester. Dette er eit viktig ansvar som selskapet har og som må vurderast for kvart tiltak som vert sett i verk.

**Tilrådinga vert etter dette:**

1. Det vert etablert eit organisatorisk kurs- og kompetansesenter ved ny hovudbrannstasjon.
2. Det vert tilsett ein heil stilling for å bygge opp og koordinere avdelinga.
3. Det vert tilført oppstartsmidlar for å etablere instruktørpool, kjøpe inn materiell m.m.
4. Ut frå forslag til satsingsområde vert det etablert avtalar med samarbeidsaktørar.
5. Det skal parallelt med etableringa utviklast rutinar som sikrar habilitet, fråvær av kryss-subsidierung, ivaretaking av lovpålagte vs sal av tenester m.m.

Saksopplysningar og vurderingar utover dette er å lese i vedlagt rapport.

Haugesund, 20.02.2024

Dag Botnen  
brannsjef

Vedlegg:

1. rapport - 2024.02.21 - kurs og kompetansesenter